



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 977 203 740
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: RØVÆR FJORDBRUK AS
Forretningsadresse: Gnr 27 bnr 42
Storakast 2
5549 RØVÆR

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Helge M. Nesse
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.06.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 26.07.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salsinntekt		208 872 705	329 277 714
Andre driftsinntekter		54 107	22 089
Sum inntekter	1	208 926 812	329 299 803
Kostnader			
Endring i beholdning av varer under tilvirkning og ferdig tilvirkede varer		25 249 000	-33 657 000
Varekostnad	1	98 739 569	209 382 884
Lønskostnad	2	5 640 099	6 854 448
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	9 097 588	8 734 181
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3		
Andre driftskostnader	1, 2	34 826 446	43 963 272
Sum kostnader		173 552 702	235 277 784
Driftsresultat		35 374 109	94 022 019
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		11 440 769	4 039 127
Sum finansinntekter		11 440 769	4 039 127
Annen rentekostnad		325 822	624 228
Sum finanskostnader		325 822	624 228
Netto finans		11 114 947	3 414 899
Resultat før skattekostnad		46 489 057	97 436 918
Skattekostnad på resultat	4	18 985 237	41 242 493
Årsresultat	5	27 503 820	56 194 425
Årsresultat etter minoritetsinteresser		27 503 820	56 194 425
Totalresultat		27 503 820	56 194 425



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Overføringer og disponeringer			
Ordinært utbytte		40 000 000	40 000 000
Avsett til annen egenkapital			16 194 425
Overført frå annan egenkapital		-12 496 180	
Sum overføringer og disponeringer		27 503 820	56 194 425



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Forsking og utvikling	3		
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	6 248 000	6 248 000
Utsatt skattefordel	3, 4		
Goodwill	3		
Sum immaterielle eiendeler		6 248 000	6 248 000
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og anna fast eigedom	3, 6	15 159 442	15 613 242
Oppdrettsutstyr	3, 6	27 818 390	29 271 973
Båtar	3, 6	7 055 620	7 870 420
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	2 010 800	2 612 700
Sum varige driftsmidler		52 044 252	55 368 335
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	7	5 726 804	5 726 804
Sum finansielle anleggsmidler		5 726 804	5 726 804
Sum anleggsmidler		64 019 056	67 343 139
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	6, 8	75 902 000	100 740 000
Fordringer			
Kundefordringer	6, 9	264 145	154 909 144
Andre fordringer	4, 9	6 385 271	19 433 483
Konsernfordringer	9	153 365 896	32 708 168
Sum fordringer		160 015 313	207 050 795
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskott, kontantar o.l.	2, 9	313 754	452 693
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		313 754	452 693



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Sum omløpsmidler		236 231 067	308 243 488
SUM EIENDELER		300 250 123	375 586 627

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

Innskutt egenkapital

Aksjekapital	5, 10	640 000	640 000
Beholdning av egne aksjer	5		
Overkurs	5	4 610 000	4 610 000
Annen innskutt egenkapital	5		
Sum innskutt egenkapital	5	5 250 000	5 250 000

Opptjent egenkapital

Fond for vurderingsforskjellar	5		
Annan egenkapital	5	146 050 153	158 546 333
Udisponert resultat	5		
Udekket tap	5		
Sum opptjent egenkapital	5	146 050 153	158 546 333

Sum egenkapital

5 151 300 153 163 796 333

Gjeld

Langsiktig gjeld

Utsatt skatt	4	29 663 588	39 382 893
Sum avsetninger for forpliktelser		29 663 588	39 382 893

Annen langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjoner	6, 11	4 355 900	5 767 981
Sum annen langsiktig gjeld		4 355 900	5 767 981

Sum langsiktig gjeld

34 019 488 45 150 874

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	9	61 549 700	96 031 994
Betalbar skatt	4	12 560 157	
Skuldige offentlege avgifter		447 955	26 263 205



Balanse


Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Utbytte		40 000 000	40 000 000
Kortsiktig konserngjeld	6, 9		
Anna kortsiktig gjeld		372 669	4 344 220
Sum kortsiktig gjeld		114 930 482	166 639 419
Sum gjeld		148 949 970	211 790 293
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		300 250 123	375 586 627



Årsrekneskap 2024

Røvær
Fjordbruk AS

Alsaker  Fjordbruk



Arbeid på merdane. FOTO: Silje Føyen.



Årsmelding – 2024

Røvær Fjordbruk AS

Verksemda

Røvær Fjordbruk AS driv med matfiskoppdrett av laks. Produksjonen av laks skjer på lokalitetar på Røvær i Haugesund kommune. Hovudadministrasjonen for selskapet ligg på Onarheim i Sunnhordland.

Resultat og drift for 2024

Røvær Fjordbruk AS fekk eit resultat før skatt på kr 46,4 millionar. Dette er ein reduksjon i forhold til 2023 og skuldast både nedgang i slaktevolum og nedgang i salsprisen for laks.

Produksjonskapasiteten pr konsesjon blir i dag regulert ut frå ei ordning med maksimal tillat biomasse (MTB). Frå og med hausten 2017 har styresmaktene inndelt kysten i 13 produksjonsområde (PO). Røvær Fjordbruk AS har lokalitetar i PO3. Alsaker-konsernet, som Røvær Fjordbruk AS er ein del av, har fått innvilga felles biomassetak for heile sin matfiskproduksjon. Dette gir auka fleksibilitet for Røvær Fjordbruk AS, noko som mellom anna er med på å styrke fiskehelsa.

Pr 31.12.2024 hadde Røvær Fjordbruk AS ein MTB på 1 568 tonn.

Produksjonen har i all hovudsak gått i samsvar med planar. Røvær Fjordbruk AS har lagt ned mykje arbeid i oppfølging av lakselus. Nivået av lakselus har gjennom heile 2024 lege under gjeldande krav sett av styresmaktene.

Ein har framleis sterk fokus i selskapet på effektiv drift og kostnadskontroll.

Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i selskapet, både i samband med planlegging av investeringar og i den daglege drifta. Det er lagt vekt på anlegg og båtar som lettjar og trygger arbeidet for dei tilsette.

På Røvær base, der Røvær Fjordbruk AS er leigetakar, er det i løpet av dei siste åra gjort ei omfattande utbygging. Anlegget har no godt tenlege kaiar for arbeidsbåtane og god lagringskapasitet for driftsutstyr og fôr innomhus og under tak.

Sjukefråvær:

Røvær Fjordbruk AS	2024	2023
Korttidssjukefråvær	1,2 %	1,4 %
Langtidssjukefråvær	0,0 %	0,0 %
Sum sjukefråvær	1,2 %	1,4 %

Det har ikkje vore arbeidsulukker med personskade ved selskapet sine arbeidsplassar dette året.



Årsmelding – 2024

Røvær Fjordbruk AS

Ytre miljø og berekraft

Drifta i selskapet var i 2024 i samsvar med løyva som er gitt frå myndigheitene. Selskapet sin aktivitet er direkte knytt til dei naturgjevne forholda i området der ein er lokalisert.

Likestilling

Av selskapet sine 6 fast tilsette er det ingen kvinner. Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, t.d. i saker som gjeld tilsetjing, lønn, avansement og rekruttering. Styret er sett saman av 2 medlemmer (menn).

Selskapet har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Alsaker-konsernet, som selskapet er ei del av, har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.

Openheitslova

Alsaker-konsernet, som Røvær Fjordbruk AS er ein del av, er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022. I tråd med krava om årleg gjennomgong, blei det offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane for første gong innan fristen 30.06.2023. Ny/oppdatert varsemdsvurdering vart offentleggjort innan 30.06.2024. Dette blei gjort gjennom publisering på vår heimeside www.alsaker.no. Det vart i 2023 implementert system som mellom anna inkluderer kartlegging og risikovurdering av eiga verksemd og leverandørkjede i høve til krava som følgjer av offentleglova. Konsernet har også system for mottak, handsaming og arkivering av innsynsførespurnadar. Me har ikkje hatt innsynsførespurnadar i 2024, heller ikkje avdekka brot på anstendige arbeidstilhøve eller grunnleggjande menneskerettar i vår leverandørkjede.

Styreansvarsforsikring

Det er teikna forsikring for styret sine medlemmar, samt for dagleg leiar og leiande personale i selskapet, for deira moglege ansvar overfor selskapet og tredjepersonar. Styret vurderer dekninga til å vera tilfredsstillande.

Forskning og utvikling

Selskapet har, som dei andre selskapa i Alsaker konsern, ein høg innovasjonstakt.

Visningssenter (Røvær Havbrukssenter)

Røvær Fjordbruk AS har ein visningskonsesjon på 780 MTB og driv Røvær Havbrukssenter. I 2024 hadde visningssenteret 10.435 besøkjande, som er i tråd med gjennomsnittet sidan etableringa av senteret. Havbrukssenteret har eit godt samarbeid med kommunar og utdanningssektoren i regionen, og tek mellom anna imot skuleelevar for tilrettelagt pedagogisk opplegg og visningsturar. Senteret er i stadig utvikling både når det gjeld utstilling, arrangement og drift.



Årsmelding – 2024

Røvær Fjordbruk AS

Finansiell risiko

Marknadsrisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovudvalutaen er euro.

I tillegg er selskapet eksponert mot endringar i rentenivået då all gjeld p.t. har flytande rente.

Kreditrisiko

Historisk har selskapet ikkje hatt tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker-konsernet, som Røvær Fjordbruk AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringar vil, som eit utgangspunkt, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Konsernet har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid. Selskapet tek del i Alsaker AS si konsernkontoordning.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga viser kr 167,7 millionar frå operasjonelle aktivitetar. Etter at utbytte på kr 40 millionar er utbetalt, er i all hovudsak resten av kontantstraumen nytta som innskot på Alsaker si konsernkontoordning.

Forslag til disponering av resultat

Styret meiner at den avlagte rekneskapen gjev eit rettvisebilde av den økonomiske stillinga for Røvær Fjordbruk AS, og føreslår at overskotet på kr 27 503 820 blir disponert på følgjande måte:

Røvær Fjordbruk AS	2024
Avsett til utbytte	40 000 000
Overført frå annan eigenkapital	12 496 180
Sum disponert	27 503 820



Årsmelding – 2024

Røvær Fjordbruk AS

Drift hittil i 2025, samt utsiktene framover

Første del av 2025 har stort sett gått som planlagt for selskapet. Sjøtemperaturen denne vinteren har stort sett vore på nivå med det som er normalt for årstida. Dette har resultert i at føring og tilvekst er som forventa.

Når det gjeld marknadssituasjonen, er eksportert kvantum frå Norge pr 18.05.2025 (veke 20) auka med ca. 21 % samanlikna med tilsvarande periode i 2024. Samstundes er prisen i NOK redusert med 20 %.

Regjeringa la før påske fram havbruksmeldinga, med mellom anna forslag om store endringar i konsesjonssystemet og innføring av eit kvotesystem for lakselus som skal styre den einskilde aktør sin produksjon. Styret meiner at mange av framlegga i meldinga er dårleg utgreidd og at dei kan føre til vesentleg reduksjon av produksjonen og setje arbeidsplassar og økonomi i selskapa på spel.

Styret vil presisere at det er knytt usikkerheit til vurderingar om framtidige forhold.

Styret vil til slutt takke dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 11. juni 2025

Gerhard Meidell Alsaker
(styreleiar)

Helge M. Nesse
(nestleiar)

Alf Harald Thorsen
(dagleg leiar)



Resultatrekneskap			
Røvær Fjordbruk AS			
	Note	2024	2023
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salsinntekt		208 872 705	329 277 714
Andre driftsinntekter		54 107	22 089
Sum driftsinntekter	1	208 926 812	329 299 803
Beholdningsendring		25 249 000	-33 657 000
Varekostnad	1	98 739 569	209 382 884
Lønskostnad	2	5 640 099	6 854 448
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	9 097 588	8 734 181
Andre driftskostnader	1, 2	34 826 446	43 963 272
Sum driftskostnader		173 552 702	235 277 784
Driftsresultat		<u>35 374 109</u>	<u>94 022 019</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		11 440 769	4 039 127
Annan rentekostnad		325 822	624 228
Resultat av finansposter		11 114 947	3 414 899
Resultat før skattekostnad		<u>46 489 057</u>	<u>97 436 918</u>
Skattekostnad på resultat	4	18 985 237	41 242 493
Resultat		<u>27 503 820</u>	<u>56 194 425</u>
Årsresultat	5	<u>27 503 820</u>	<u>56 194 425</u>
OVERFØRINGAR			
Avsett til utbytte		40 000 000	40 000 000
Avsett til annan egenkapital		0	16 194 425
Overført frå annan egenkapital		12 496 180	0
Sum overføringar		<u>27 503 820</u>	<u>56 194 425</u>
Røvær Fjordbruk AS		Side 1	



Balanse			
Røvær Fjordbruk AS			
EIGEDELAR	Note	2024	2023
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle egedelar:			
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	6 248 000	6 248 000
Sum immaterielle egedelar		6 248 000	6 248 000
Varige driftsmidler:			
Tomter, bygningar og anna fast egedom	3, 6	15 159 442	15 613 242
Oppdrettsutstyr	3, 6	27 818 390	29 271 973
Båtar	3, 6	7 055 620	7 870 420
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 6	2 010 800	2 612 700
Sum varige driftsmidler		52 044 252	55 368 335
Investeringar i dotterselskap	7	5 726 804	5 726 804
Sum finansielle anleggsmidlar		5 726 804	5 726 804
Sum anleggsmidler		<u>64 019 056</u>	<u>67 343 139</u>
OMLØPSMIDLER			
Varer	6, 8	75 902 000	100 740 000
Fordringar:			
Kundefordringar	6, 9	264 145	154 909 144
Andre fordringar	4, 9	6 385 271	19 433 483
Innskot konsernkonto-ordning	9	153 365 896	32 708 168
Sum fordringar		<u>160 015 313</u>	<u>207 050 795</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2, 9	313 754	452 693
Sum omløpsmiddel		<u>236 231 067</u>	<u>308 243 488</u>
Sum egedelar		<u>300 250 123</u>	<u>375 586 627</u>

**Balanse**

Røvær Fjordbruk AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital:			
Aksjekapital	5, 10	640 000	640 000
Overkurs	5	4 610 000	4 610 000
Sum innskoten egenkapital	5	5 250 000	5 250 000
Opptent egenkapital:			
Annan egenkapital	5	146 050 153	158 546 333
Sum opptent egenkapital	5	146 050 153	158 546 333
Sum egenkapital	5	<u>151 300 153</u>	<u>163 796 333</u>
GJELD			
Avsetning for forpliktingar:			
Utsett skatt	4	29 663 588	39 382 893
Sum avsetning for forpliktingar		29 663 588	39 382 893
Anna langsiktig gjeld:			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 11	4 355 900	5 767 981
Sum anna langsiktig gjeld		4 355 900	5 767 981
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld	9	61 549 700	96 031 994
Betalbar skatt	4	12 560 157	0
Skuldige offentlege avgifter		447 955	26 263 205
Utbytte		40 000 000	40 000 000
Anna kortsiktig gjeld		372 669	4 344 220
Sum kortsiktig gjeld		<u>114 930 482</u>	<u>166 639 419</u>
Sum gjeld		<u>148 949 970</u>	<u>211 790 293</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>300 250 123</u>	<u>375 586 627</u>
 Gerhard Meidell Alsaker styreleiar	Onarheim, 11.06.2025 Styret i Røvær Fjordbruk AS  Helge Mandius Nesse nestleiar	 Alf Harald Thorsen dagleg leiar	
Røvær Fjordbruk AS			Side 3



Kontantstrømoppstilling			
Røvær Fjordbruk AS			
	Note	2024	2023
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:			
		46 489 057	97 436 918
-	Resultat før skattekostnad		
-	Betalt skatt i perioden	-16 144 385	-56 286 536
+	Ordinære avskrivningar	9 097 588	8 734 181
+/-	Endring i varelager	24 838 000	-33 210 000
+/-	Endring i kundefordringar	154 644 999	-135 520 480
+/-	Endring i leverandørgjeld	-34 482 293	77 369 652
+/-	Endring i andre tidsavgrensningsposter	-16 738 590	27 158 701
=	Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	<u>167 704 375</u>	<u>-14 317 564</u>
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:			
-	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-5 773 505	-13 098 974
-	Utbetalinger ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak	0	-5 726 804
=	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	<u>-5 773 505</u>	<u>-18 825 778</u>
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:			
-	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 412 081	-1 367 254
+/-	Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordning	-120 657 728	164 587 254
-	Utbetalinger av utbytte	-40 000 000	-130 000 000
=	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	<u>-162 069 809</u>	<u>33 220 000</u>
=	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	-138 939	76 658
+	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 01.01.	452 693	376 035
=	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 31.12.	<u>313 754</u>	<u>452 693</u>



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.

Driftsinntekter og -kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

Aksjar i dotterselskap

Aksjar i dotterselskap blir vurdert etter kostmetoden.

Leasing

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtale. Dersom hovuddelen av den økonomiske risiko og kontroll knytt til leigeobjektet er gått over på leigetakar, vert avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmidlar i leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmidlar. Avdragsdelen av leigeforpliktinga blir vist som langsiktig gjeld. Denne gjelda blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Konsesjonar og goodwill

Konsesjonar i balansen representerer erverva konsesjonar gjennom oppkjøp. I tillegg er det for alle konsesjonar som ikkje er erverva, gjort rekneskapsmessig oppskrivning i 1998. I Norge er det ingen tidsbegrensingar på konsesjonar. Ordinære avskrivningar på konsesjonar blir såleis ikkje gjennomført.

Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemd utover verdien av konsesjon. Ut frå ein vurdering av levetid for goodwill, som mellom anna representerer verdien på selskapet sine lokalitetar, samt synergigevinstar og stordriftsfordelar i konsernet, blir goodwill avskrive over maksimalt 10 år.

Varebeholdning

Behaldning av fisk i sjø er vurdert til den lågaste av full tilverknadskost og forventa salspris. Innkjøpte råvarer er vurdert til innkjøpspris. Til grunn for full tilverknadskost vert nytta gjennomsnittleg tilverknadskostnad for alle selskap i konsernet.

Fordringar

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i NOK. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden er EU der hovudvalutaen er euro.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillingen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Morselskap

Morselskap til Røvær Fjordbruk AS er Alsaker Fjordbruk AS på Onarheim i Tysnes kommune. Røvær Fjordbruk AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 1 Transaksjoner med nærstående partar

Sal av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2024	2023
Selskap i Alsaker-konsernet	Utleige av prod. kap./prod.avg.	3 552 228	331 678
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimer	181 305	0
Sum sal av varer og tenester		3 733 533	331 678

Selskapet selger deler av sitt volum av laks til Ocean Supreme AS. Holdingselskapet Ocean Supreme Holding AS er eigd 32,2% av Alsaker Fjordbruk AS. All handel skjer til gjeldande marknadspris.

Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2024	2023
Morselskap	Kjøp av adm. tenester	4 781 180	6 555 162
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av smolt	55 561 852	0
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av rensefisk	940 843	6 729 815
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av pakketenester	9 015 282	16 116 913
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt	10 057 619	20 796 674
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av eigedom/base mm.	7 494 683	7 151 412
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimer	0	477 638
Selskap i Alsaker-konsernet	Produksjonsoverskot	0	62 223 000
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikeholdstenester	376 830	0
Sum kjøp av varer og tenester		88 228 290	120 050 613



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringsar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønskostnader	2024	2023
Løningar	4 625 929	5 732 677
Arbeidsgjevaravgift	718 817	800 000
Pensjonskostnader	196 254	155 126
Andre ytingar	99 100	166 646
Sum	5 640 099	6 854 448

Gjennomsnittleg antall årsverk 5,7 6,4

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	858 829	0
Pensjonskostnader	33 111	0
Anna godtgjering	12 176	0
Sum	904 116	0

Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytta til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.

Obligatorisk tenestepensjon (OTP):

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Ein har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette, som oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Kostnadsførte honorarer til revisor og revisor sitt advokatkontor fordeler seg på:

Tekst	2024	2023
Lovpålagt revisjon	85 250	54 000
Skatterådgeving	10 900	0
Andre tenester	3 063	56 000
Sum	99 213	110 000

Bundne skattetrekksmidlar:

Tekst	2024	2023
Skattetrekkskonto pr 31.12	313 754	452 693



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

Immaterielle egedelar:

	Konsesjonar	SUM
Anskaffelsekost 01.01	6 248 000	6 248 000
Tilgong i året		0
Avgong i året		0
Anskaffelsekost 31.12	6 248 000	6 248 000
Samla av- og nedskrivning		0
Bokført verdi 31.12.	6 248 000	6 248 000
Ord. av- og nedsk. i år		
Økonomisk levetid		
Avskrivingsplan		

Varige driftsmidler:

	Tomter og bygninger	Oppdretts-utstyr	Båtar	Driftsløysere, inventar o.l.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	18 197 920	79 311 340	9 762 675	6 130 971	113 402 907
Tilgong i året		5 773 505			5 773 505
Avgong i året					0
Anskaffelsekost 31.12	18 197 920	85 084 845	9 762 675	6 130 971	119 176 412
Samla av- og nedskrivning	3 038 478	57 266 455	2 707 055	4 120 171	67 132 160
Bokført verdi 31.12.	15 159 442	27 818 390	7 055 620	2 010 800	52 044 252
Ord. av- og nedsk. i år	453 800	7 227 088	814 800	601 900	9 097 588
Økonomisk levetid	3-30 år	3-30 år	15-20 år	3-10 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 4 - Skatt

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2024	2023
Skatt på alminnelig inntekt:		
Betalbar skatt	16 653 848	15 562 481
Endring utsett skatt/skattefordel	-6 528 774	6 324 531
Skattekostnad på alminnelig inntekt	10 125 074	21 887 012
<i>Effektiv skattesats med skattesats 22%</i>	<i>21,8 %</i>	<i>22,5 %</i>
Skatt på grunnrente:		
Betalbar skatt	12 059 304	7 702 334
Implementeringseffekt utsett skatt	0	7 424 557
Endring utsett skatt/skattefordel	-3 190 531	4 228 590
Feil avsatt grunnrenteskatt tidligere år	-8 610	
Skattekostnad på grunnrente	8 860 163	19 355 481
<i>Effektiv skattesats med skattesats 25%</i>	<i>19,1 %</i>	<i>19,9 %</i>
Skattekostnad på ordinært resultat	18 985 238	41 242 493
<i>Effektiv skattesats samla</i>	<i>40,8 %</i>	<i>42,3 %</i>

Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2024	2023
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	46 489 057	97 436 918
Endring i midlertidige forskjellar	29 676 244	-28 747 869
Andre permanente forskjellar	-465 991	2 049 499
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt	75 699 309	70 738 548
Grunnlag betalbar skatt grunnrente:		
Netto grunnrenteinntekt	40 087 533	26 493 782
Bunnfrådrag (netto)	-2 519 606	-2 462 500
Grunnlag betalbar skatt grunnrente	37 567 926	24 031 282

Netto grunnrenteinntekt og bunnfradrag (netto) er beregnet etter fradrag for alminnelig inntektsskatt på 22%.



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2024	2023
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	16 653 848	15 562 482
Betalbar skatt på grunnrente	12 059 304	7 702 334
Betalt produksjonsavgift	-1 152 995	-1 894 798
Betalt forskotsskatt	-15 000 000	-40 000 000
Betalbar skatt i balansen	12 560 157	-18 629 982

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjeller:

Spesifikasjon	2024	2023	Endring
Forskjeller alminnelig inntekt:			
Varelager	73 785 000	99 034 000	25 249 000
Varige driftsmidler	6 219 764	7 048 116	828 352
Gevinst- og tapskonto	15 413 492	19 266 865	3 853 373
Balansførte leasingavtaler	949 800	695 319	-254 481
Framførbart underskot	0	0	0
SUM	96 368 056	126 044 300	29 676 244
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
Utsett skatt alminnelig inntekt	21 200 972	27 729 746	6 528 774

Forskjeller grunnrente:

Fiskebeholdning	73 785 000	99 034 000	25 249 000
Fiskebeholdning visningsløyve	-36 704 273	-49 264 362	-12 560 089
Bunnfrådrag (brutto)	-3 230 265	-3 157 051	73 214
SUM	33 850 462	46 612 587	12 762 125
Skattesats som er nytta:	25 %	25 %	
Utsett skatt grunnrente	8 462 616	11 653 147	3 190 531
Utsett skatt samla	29 663 588	39 382 893	9 719 305

Note 5 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2023	640 000	4 610 000	158 546 333	163 796 333
Resultat i år			27 503 820	27 503 820
Avsatt utbytte			-40 000 000	-40 000 000
Pr 31.12.2024	640 000	4 610 000	146 050 153	151 300 153



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 6 Pantestillingar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2024	2023
Gjeld til kredittinstitusjonar	4 355 900	5 767 981
Sum	4 355 900	5 767 981

Bokført verdi av egedelar stilt som sikkerheit for pantesikra gjeld:

	2024	2023
Konsesjonar	6 248 000	6 248 000
Varige driftsmidlar	52 044 252	55 368 335
Investering i dotterselskap	5 726 804	5 726 804
Varer	75 902 000	100 740 000
Kundefordringar	5 958	97 562 447
Sum	139 927 014	265 645 585

Røvær Fjordbruk AS deltar som underkontoinnehavar i Alsaker AS sin konsernkonto-ordning. Underkontoinnehavar kausjonerer som solidarisk sjølvskyldnarkausjonist for dei forpliktingane som Alsaker AS har til ei kvar tid.

Note 7 Dotterselskap

Firma	Anskaff. tidspunkt	Forr. kontor	Eigar- andel	Stemme- andel	Bokført verdi	Resultat i år	Eigenkapital i år
Sandsund Eiendom AS	17.10.2023	Tysnes	100 %	100 %	5 726 804	-73 612	1 663 561
Sum					5 726 804	-73 612	1 663 561

Note 8 Varer

Varelager	2024	2023
Råvarer	2 117 000	1 706 000
Varer under tilverknad	73 785 000	99 034 000
Sum varelager	75 902 000	100 740 000



Noter

Røvær Fjordbruk AS

Note 9 Mellomvære med selskap i same konsern

Fordringar på selskap i same konsern:

	2024	2023
Kundefordringar	258 188	57 346 697
Innskot på konsernkonto	153 365 896	32 708 168
Sum	153 624 084	90 054 865

Gjeld til selskap i same konsern:

	2024	2023
Leverandørgjeld	50 250 282	81 385 020
Anna kortsiktig gjeld	392 250	392 250
Sum	50 642 532	81 777 270

Note 10 Aksjonærar

Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antal aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	640	1 000	640 000

Eigarstruktur:

Namn	Antal aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker Fjordbruk AS	480	75,0 %	75,0 %
Alf Harald Thorsen	80	12,5 %	12,5 %
Roald Nedrebø	80	12,5 %	12,5 %
Sum	640	100,0 %	100,0 %

Styreleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer indirekte 100 % av aksjane i Alsaker Fjordbruk AS. Alf Harald Thorsen er dagleg leiar og Roald Nedrebø er varamedlem til styret.

Note 11 – Forfallsstruktur langsiktig gjeld

Tal i heile tusen

	2025	2026	2027	2028	2029	Etter 2029	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 444	1 490	1 422	0	0	0	4 356
Sum	1 444	1 490	1 422	0	0	0	4 356

Gjeld til kredittinstitusjonar er gjeld knytt til balanseførte leasingavtalar.



Til generalforsamlinga i Røvær Fjordbruk AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Røvær Fjordbruk AS som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen


Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Torgallmenningen 14, 5014 Bergen, P.O. Box 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 11. juni 2025
PricewaterhouseCoopers AS


Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor